



Lunde 3bygg As  
Kleivdalsvegen 290  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7027 - 23/1718

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
06.01.2023

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 214/72 Fyllingsnes


Tiltak: rehabilitering av naust - dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 214/72  
Tiltakshavar: Radu Lucian Corfariu  
Ansvarleg søkjar: Lunde 3bygg As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.09.2022.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søkjer opplys i søknaden at ein ynskjer å få tilbakeført naustet etter at førre søknad ikkje ble godkjent, og samtidig få rehabilitert naustet da opphavleg naust var i dårleg forfatning. Kommunen må påpeike at rehabilitering inneberer reparasjon av bygget utan å endre funksjonalitet. Vanleg reparasjon av bygget er ikkje søknadspliktig. Å auke høgde på naustet definerast som påbygging, og ikkje rehabilitering. Omsøkte tiltak er difor *ikkje ein tilbakeføring* til opphavleg naust, slik som nemnt i søknaden, men *søknad om påbygg*.



Ynskjer ein å gjere endringar i eksisterande naust i eit LNF-område som er underlagt byggjeforbod må ein som minimum helde seg innanfor utformingskrava knytt til naust i kommuneplanen:

### 3.1.9. ANDRE BYGG OG ANLEGG (BAB)

#### Naust

Føremålet er byggeområde for naust med tilhøyrande opptrekk og kai/bryggje. Naust er uthus for oppbevaring av båt med utstyr, utan innreiing for opphald og overnatting.

- a) Naust skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>, og kan byggjast enkeltstående eller i rekke. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda skal vere under 5 meter målt frå topp ferdig golv. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust bør ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 5.

Det vil sei at ein naustet ikkje kan ha *knevegg, vindaugsarealet større 3% av BRA eller måleverdig areal på loft* for at kommunen skal vurdera dispensasjonen frå LNF og byggjegrænse mot sjø.

Ein ber om at søker tilpassar tiltaket. Alternativt kan søker vurdera å trekke søknaden dersom ein berre skal rehabilitere (utan påbygg, fasadeendring osv.). Rein reparasjon er som nemnt ikkje søknadspiktig.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **15.02.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lunde 3bygg As  
Radu Lucian Corfariu

Kleivdalsvegen 290  
Osterfjordvegen 1273

5915  
5913

HJELMÅS  
EIKANGERVÅG